

VS: Vurdering av rettslig klageinteresse

Gerd Fagerli

Sendt: 8. november 2007 10:54**Til:** Arkiv**Kopi:** Anne Karin Natås**Vedlegg:** GetDoc.pdf (17 kB)

430
2007/18141

Hei,

Kan dere opprette en ny sak på Anne-Karin Natås. Saken kalles "Koordinering av saksbehandlingen" og denne e-posten tas inn som dok. nr 1.

Mvh
Gerd
tlf 8175

Fra: Torstein Finnesand [torstein.finnesand@sft.no]**Sendt:** 26. oktober 2007 09:11**Til:** Gerd Fagerli**Kopi:** Ragnhild Kluge**Emne:** Vurdering av rettslig klageinteresse

<<GetDoc.pdf>>

Hei! Se vedlagte klagesak.

FMMR ber F.dir og SFT vurdere om noe skal klargjøres på bakgrunn av denne saken, selv om det synes å oppnådd en enighet i fylket.

To ting:

- 1) Hva er F.dir syn på dette
- 2) Skal vi putte inn en setning eller to i fellesinstruksen om hvem som tar stilling til rettslig klageinteresse og den typen ting?

Mine umiddelbare kommentarer:

Ad 1) Jeg har ikke sjekket med jurister i SFT, men regner med at vi mener at det er myndigheten til det vedtaket som er påklaget som må ta stilling til rettslig klageinteresse, og for såvidt enhver annen avgjørelse knyttet til en klagesaksbehandling. Hvis flere vedtak er påklaget, tilsier sunn fornuft at myndighetene blir enig om en felles holdning til hvorvidt f.eks. klagefristen er overholdt eller ikke.

Ad 2). Ja.

Torstein



Møre og Romsdal fylke



Statens forureiningstilsyn
Postboks 8100 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato: Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	15.12.2006 FM: 2007/943/BJOT/542.1	Bjarne Otnes, 71258469	22.10.2007

Oversending av klage på utsleppsløyve til Misundfisk AS og Villa Miljølaks AS, lokalitet Myrane i Vestnes kommune.

Møre og Romsdal fylke sender med dette over klage på utsleppsløyve til Misundfisk AS og Villa Miljølaks AS, lokalitet Myrane i Vestnes kommune, for endeleg avgjerd.

Kort om bakgrunnen for saka:

- 25.06.2006 Misundfisk AS og Villa Miljølaks AS søker om etablering av oppdrettsanlegg for laks og aure på lokaliteten Myrane i Vestnes kommune.
- 22.11.2006 Møre og Romsdal fylke gir utsleppsløyve etter forureiningslova.
- 27.11.2006 Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal gir løyve etter akvakulturlova.
- 15.12.2006 Arbeidsgruppa mot Misundfisk AS sitt planlagte oppdrettsanlegg på Myrane (heretter arbeidsgruppa/klagar) påklagar Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Møre og Romsdal fylke sine vedtak i klage adressert til Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal.
- 18.04.2007 Arbeidsgruppa ber om at klaga blir sendt over til Møre og Romsdal fylke.
- 30.04.2007 Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal avviser klaga ut i frå at dei meiner klagarane ikkje har rettsleg klageinteresse.
- 07.05.2007 Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal sender klaga over til Møre og Romsdal fylke etter førespurnad frå fylket.

Vurdering av klagerett

Klaga vart først avvist av Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal. I deira vedtak av 30.04.2007 framgår følgjande: *"Klagen er ikke oversendt Møre og Romsdal fylke, siden klager er funnet å ikke ha rettslig klageinteresse. Det er for øvrig ikke ført argumentasjon i klagen som berører vedtaket fra Møre og Romsdal fylke om å gi utslippstillatelse for den aktuelle lokaliteten."*

Etter vårt syn er det vedtaksinstansen som skal vurdere om klagar har klagerett på eige vedtak eller ikkje. Av overskrifta i klaga framgår det tydeleg at ho mellom andre vedtak også rettar seg mot fylket sitt vedtak av 22.11.2007. Når klaga så tydeleg er retta mot fylket sitt vedtak er det likeeins fylket som skal vurdere om ho inneheld argument som må takast opp til vurdering i klagehandsaminga etter forureiningslova.

Fylket har muntleg presisert og fått forståing for desse synspunkta hos Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal, og klagen vart oversendt 07.05.2007. Vi finn det likevel rett å gjere SFT merksam på denne delen av sakshandteringa, og vil oppmode om at ein saman

med Fiskeridirektoratet sentralt vurderer om det er behov for å klargjere saksgang og ansvarsforhold i klagesaker.

Etter forvaltningslova § 28 kan enkeltvedtak påklagast av partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Fylket finn ut i frå ei konkret vurdering av den moglege forureiningspåverknaden oppdrettsanlegget kan ha for naboar og brukarar i nærområdet til anlegget, at klagarane har rettsleg klageinteresse på vedtaket etter forureiningslova. Dette gjeld t.d. i høve til støyulemper og fare for tilgrising av strandsone og småbåthamn, og i høve til mindre synlege ulemper som kan følgje av den organiske belastninga frå anlegget.

Vurdering av klaga

Det er vanskelig å finne konkrete innvendingar til dei forureiningsfaglege vurderingane fylket har lagt til grunn for sitt vedtak. Vi tolkar difor klaga dit at klagarane er grunnleggande ueinig i vedtaket og ønskjer det vurdert av overordna myndigheit.

Som ein vil sjå er ulike relevante forureiningsulemper vurdert grundig i utsleppsløyvet. Vi har difor lite å legge til i saka.

Klaga tar ut over dette opp at fylket ikkje har vurdert ulemper for fiske og reiseliv i vedtaket etter forureiningslova. Dette er avvegingar som skal avvegast etter akvakulturlova. For fritidsfiske har vi vurdert dette i vår uttale til Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal etter § 16, bokstav c) og d) i akvakulturlova.

Andre omsyn enn dei reint forureiningsfaglege kan leggast vekt på dersom ein er i tvil om det skal gjevast utsleppsløyve eller ikkje. Dette har ikkje vore tilfelle i denne saka, og vi vil også vise til at området er sett av til m.a. akvakultur i kystsoneplanen, og at kommunen ikkje hadde merknader til etableringa i si uttale.

Konklusjon

Møre og Romsdal fylke finn ikkje grunnlag for å endre vedtaket av 22.11.2006, og sender med dette saka over til SFT for endeleg avgjerd.

Med helsing

Per Fredrik Brun
Direktør Areal- og miljøvernavdelinga

Kolbjørn Megård
seksjonsleiar

Vedlegg: Saksdokument etter liste forrige side
(blir oversendt elektronisk til postmottak@sft.no)

Kopi: Petter Johan Rekdal, 6395 Rekdal
Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal
Vestnes kommune
Misundfisk AS, 6392 Vikebukt